

# Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

17. februar 2015 i Lagsrommet, Rosenkrantz' gate 8 kl. 20.00

*Til stades på møtet var 17 personar. 16 av desse hadde røysterett.*

*Referent: Lisa Grav Henriksen*

## **SAK 1 OPNING AV MØTET**

### **1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

### **1.2 Val av møteleiar**

Vedtak: Terje Svindseth vald til møteleiar.

### **1.3 Val av skrivar**

Vedtak: Lisa Grav Henriksen vald til skrivar.

### **1.4 Val av to til å skrive under møteboka**

Vedtak: Karianne Johansen og Yngvild Aamodt valde til å skrive under møteboka.

### **1.5 Val av teljekorps**

Vedtak: Sigrid Kjøbli og Simon Hesselberg Løvald valde som teljekorps.

## **SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2014**

### **2.1 Melding frå Styret i Leikarringen**

*Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Sverre Gammersvik, Audun Grüner-Hegge, Margrete Aarflot, Yngvild Aamodt, Simon Hesselberg Løvald, Anbjørg Myhra Bergwitz, Karianne Johansen.*

Meldinga vart presentert av leiar Anbjørg Myhra Bergwitz.

Det vart diskutert kvifor personar med livsvarige medlemskap ikkje betalar medlemskontigent til hovudlaget. Ynskje frå årsmøte om at styret tek denne saka vidare til hovudlaget for avklaring.

Endringsforslag i punkt 1.10: "Leiar av dansen på Ensjø var Signe Marie Hernes Bjerke."

Årsmøte halde 1 minutt stille under møtet i høve bortgangen av heidersmedlem Helga Holte Olsen.

Rekruttering av nye medlemmar vart diskutert, og utgifter til honoraret og reise for instruktører vart klargjort frå styret.

*Årsmøte tok meldinga frå styret til vitande, med eit endringsforslag, som nemt over.*

## **2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen**

Meldinga frå Rådet vart lagt fram av Anbjørg Myhra Bergwitz, sidan leiaren av Rådet ikkje var tilstades på årsmøte.

*Årsmøte tok meldinga frå Rådet til vitande, utan kommentarar.*

## **2.3 Melding frå Søndansen**

Meldinga vart lagt fram av Hans Petter Holen.

*Årsmøte tok meldinga frå Søndansen til vitande, utan kommentarar.*

## **2.4 Melding frå Bunadnemnda**

*Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Anbjørg Myhra Bergwitz*

Melding vart lagt fram av Lasse Pettersen.

Endring til meldinga - det var òg leigd ut ein herrebunad i samband med dansinga på 17. mai.

Årsmøte tok meldinga frå Bunadsnemnda til vitande, med ei endring.

Vedtak: *Årsmeldinga vart einstemmig godkjend med dei nemnde kommentarane og endringane over.*

## **SAK 3 REKNESKAP FOR 2014**

### **3.1 Rekneskap**

### **3.2 Balanse**

*Desse hadde ordet i saka: Gunnvald Grønvik, Hans Petter Holen, Lasse Pettersen, Terje Svindseth, Margrethe Aarflot, Peder Skancke, Anbjørg Myhra Bergwitz.*

Rekneskap og balanse vart lagt fram av Hans Petter Holen.

Samarbete med lagskontoret vart diskutert. Det er eit ynksje frå styret om å finne ein betre måte å føre rekneskap på, som passar særлага.

Moglegheita for å setje pengar i Bøndenes Hus var oppe til diskusjon, med oppmodning om ei felles ordning for alle særлага. Denne saka må gå via hovudlaget som har avtale med Bøndenes Hus AS. Framlegg frå årsmøtet til styret: styret sender inn ei sak til hovudlaget om å greie ut moglegheita for ei ordning i Bøndenes Hus for særлага.

Vedtak: Rekneskapen og balansen vart einstemmig godkjend.

## **SAK 4 PLANAR**

### **4.1 Planar for 2015**

*Desse hadde ordet i saka: Lasse Pettersen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Audun Grüner-Hegge, Peder Skancke, Sverre Gammersvik, Gunnvald Grønvik, Hans Petter Holen, Dag Vårdal, Lisa Grav Henriksen, Karianne Johansen.*

Planar for 2015 vart lagt fram av nestleiar Audun Grüner-Hegge.

Det vart diskusjon om songdansen sin rolle i Leikarringen før og no. Det vart stilt spørsmål til korleis nye medlemmer skal lære seg songdanstradisjonen, med få øvingar med songdans på vårprogrammet.

Årsmøtet vart informert om at Nordleik vert skipa i Danmark i sumar, 13.-19. juli 2015 i Viborg. Dette kan alle medlemmer av laget delta på.

Kommentarar til Sak 4 Planar: Føre på aktiviteten som laget planlegg å gjere på aldersheim på 17. mai.

Vedtak: Årsmøtet tok planane for 2015 til vitande.

## **SAK 5 MEDLEMPENGAR FOR 2016**

Saka vart presentert av Hans Petter Holen. Ingen kommentarar frå årsmøtet.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2016 blir ståande uendra.

## **SAK 6 BUDSJETT FOR 2015**

*Desse hadde ordet i saka: Anbjørg Myhra Bergwitz, Peder Skancke, Sverre Gammersvik, Gunnvald Grønvik, Hans Petter Holen, Karianne Johansen.*

Budsjettet vart lagt fram av Hans Petter Holen.

*Kommentarar til budsjettet:*

Det er mogleg å søkje Vaksenlæringsmidlar i tillegg til dei budsjetterte midlane.

Dersom laget treng auka inntektar, kan framsyningar vere eit satsingsområde kvar laget kan tene meir pengar.

Det vart stilt spørsmål til eit budsjettert underskot på 200 000 kr. Kan lønnskostnadar reduserast for å minke underskotet?

Ingen endringsframlegg i saka.

*Vedtak:* *Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2015.*

## **SAK 7 STYREFØRESEGNINGSENDRINGAR**

### **7.1 Tilføyning i styreføresegnene § 2 - medlemsliste**

*Desse hadde ordet i saka: Hans Petter Holen, Anbjørg Myhra Bergwitz.*

*Framlegg til vedtak*

**Frå Sverre Gammersvik:** Framlegg om følgande tilføyning i styreføresegnene §2

*Kvar haust sender styret ut medlemsliste med telefonnummer, post- og e-postadresse til alle medlemmene. Dei som ynskjer det kan be seg fritekne for å ha namnet sitt på denne lista.*

**Frå Styret i Leikarringen:** Framlegg om følgande tilføyning i styreføresegnene §2

*Kvar vår, i samband med utsending av årsmøteinnkalling, sender styret ut medlemsliste med telefonnummer, post- og e-postadresse til alle medlemmene. Dei som ynskjer det kan be seg fritekne for å ha namnet sitt på denne lista.*

Sverre trakk framlegget sitt til styreføresegn og ga støtte til styret sitt framlegg. Årsmøte fatta dermed berre vedtak over styret sitt framlegg.

*Vedtak:* *Årsmøtet vedtok einstemmig styret sitt framlegg til tilføyning i styreføresegnene §2:*

*Kvar vår, i samband med utsending av årsmøteinnkalling, sender styret ut medlemsliste med telefonnummer, post- og e-postadresse til alle medlemmene. Dei som ynskjer det kan be seg fritekne for å ha namnet sitt på denne lista.*

## **7.2 Tilføyning i styreføresegnene - valnemndas oppgåve, frist og oppløysing**

*Desse hadde ordet i saka: Sverre Gammersvik, Anbjørg Myhra Bergwitz, Audun Grüner-Hegge, Hans Petter Holen, Ruth Amdahl.*

### Framlegg til vedtak

**Frå Sverre Gammersvik:** Framlegg om følgande endring i styreføresegnene § 16

*Årsmøtet skal velja valnemnd til neste årsmøte. Valnemnda skal vera på fem medlemer med tre varamedlemer. Tiltrådinga frå valnemnda skal **fylgje innkallinga til årsmøtet**. Valnemnda er med det oppløyst og avsluttar sitt arbeid. Valnemnda møtest fyrste gongen i november.*

**Frå Styret i Leikarringen:** Framlegg om følgande endring i styreføresegnene § 16

*Årsmøtet skal velja valnemnd til neste årsmøte. Valnemnda skal vera på fem medlemer med tre varamedlemer. Tiltrådinga frå valnemnda skal fylgje innkallinga til årsmøtet. Valnemnda møtest fyrste gongen i november.*

Kommentarar: Det fyrste møtet i valnemnda bør kallast inn av styret.

Vedtak: Forslaget frå Sverre Gammersvik vart avvist med 15 stemmer. Ein røysta for forslaget.

*Årsmøtet vedtok følgjande endring i styreføresegnene §16:*

*Årsmøtet skal velja valnemnd til neste årsmøte. Valnemnda skal vera på fem medlemer med tre varamedlemer. Tiltrådinga frå valnemnda skal fylgje innkallinga til årsmøtet. Valnemnda møtest fyrste gongen i november.*

## **SAK 8 VAL**

Valnemnda si innstilling vart lagt fram av Margrete Aarflot. Valnemnda har hatt utfordringar med å finne styrerepresentantar for Barnelaget. Framlegg om at styret ser vidare på moglege representantar til styret i barnelaget.

På lista over valkandidatar til Rådet er fleire av desse veldig gamle og i praksis ikkje aktuelle kandidatar. Oppmodning fra valnemnda til styret om å vurdere kven som skal stå på lista over kandidatar til Rådet i Leikarringen.

*Valet vart gjennomført med dette resultatet:*

### **Styret i Leikarringen:**

Leiar: Anbjørg Myhra Bergwitz

Styremedlemer 2 år: Audun Grüner-Hegge (ikkje på val), Simon Hesselberg Løvald, Mari Uthberg Omdal

Varamedlemer 1 år: Sigr d K bpli, Lasse Pettersen

**Bunadnemnda:**

Turid R nning, Anne Cathrine Johansen, Lasse Pettersen

**Styret i Barnelaget:**

Medlemer 2  r: Victoria Carlin (ikkje p  val)

Varamedlem 1  r: Christina Nipe

**R det i Leikarringen:**

Steinar Hernes, Eirik Pettersen, Victoria Carlin

**Framlegg til Valnemd fr   rsm te:**

4 faste medlemer:

Hans Petter Holen, Yngvild Aamodt, Lisa Grav Henriksen, Anne Cathrine Johanssen

17/3-15 Yngvild Aamodt

Yngvild Aamodt

Dato, underskrift

17/3-15 Karianne Johansen

Karianne Johansen

Dato, underskrift